



Hardangerrådet iks



Hardanger

Til Representantane.

ÅRSMØTET 2020

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: Torsdag 19.03.2020

Stad: NIBIO, Lofthus Ullensvang

Tid: Klokka 11.00

Representantskapet er Årsmøte

Agenda:

Kl. 09.00 - 11.00 Regionrådsmøte

Kl. 11.00 - 12.30 Årsmøte Hardangerrådet IKS

Kl. 12.30 - 13.15 Lunsj

Kl. 13.15 - 16.30 Temamøte med NIBIO m.fl.: Kva treng Hardanger og kva kan FoU løysa?

Innkallingsfristen er 4 veker. Til dette møtet er det sett opp årsmøtesaker etter Selskapsavtalen § 6. Sakspapira vert med dette sendt representantane.

Sakliste:

Konstituering:

*Godkjenning av innkalling og agenda.

*Val av møteleiar og to representantar til å skriva under møteboka.

Årsmøtesak 01/20

Årsmelding 2019 og Rekneskap 2019

Vedlegg 1 og 2

Årsmøtesak 02/20

Rammebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2024.

Vedlegg 3

Årsmøtesak 03/20

Arbeidsplan 2020 - 2021

Vedlegg 4

Årsmøtesak 04/20

Val av rekneskapsfører og revisor for 2021

Årsmøtesak 05/20

Godtgjersle til styret for 2020

Årsmøtesak 06/20

Val av styre

Årsmøtesak 07/20

Innkomne saker

Andre saker til Årsmøtet 2020 må vera styret i hende innan 05.03.2020

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet (Tlf 53 67 14 50) og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Ta kontakt med dagleg leiar Jostein Eitrheim dersom det er spørsmål til innkalling eller dokument.

Kinsarvik 20.02.2020

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Torgeir Næss/s
Rådsordfører

Jostein Eitrheim/s
Dagleg leiar

Kopi av innkallinga til kommunane.



Saksutgreiing til årsmøtet 19.03.2020

Ved dagleg leiar Jostein Eitrheim

Årsmøtesak 01/20 Årsmelding 2019 og Rekneskap 2019 (Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Styret skal leggja fram Årsmelding og Revidert rekneskap 2019 for årsmøte i Representantskapet.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,(IHR) reviderer rekneskapen når han er underskriven av styret saman med årsmeldinga. Dette vert lagt fram for årsmøtet.

I denne saka ligg vedlagt framlegg til årsmelding 2019 og rekneskap 2019 frå styret.

Årsmeldinga 2019 oppsummerer både formelle fakta og eit utdrag av aktiviteten gjennom året. Her balanserer ein mellom omsyna til informasjon og omfang. Årsmeldinga viser stor aktivitet og breidde i aktiviteten for Hardangerrådet iks også i året 2019, sjølv om prosessen med kommunesamanslåingar har påverka kommunane sit fokus på dei regionale samarbeidsoppgåvene.

Nyttårsbrevet og Årsmeldinga viser til noko endring frå prosjekt til dei fastare aktivitetane. Hardangerrådet iks spreier seg på mange tema, men så har også regionen utfordringar på mange område. I den kommunale kvardagen viser det seg at regionen treng politisk samordning, i tenesteproduksjon og i næringsarbeidet.

Rekneskapen 2019 for Hardangerrådet iks er sett opp etter rekneskapslova som vanleg. Rekneskapen viser totalaktiviteten vår medrekna etablerarfondet, restmidlar frå næringsfondet, kraftlinemidlane og prosjekt. Hardangerrådet iks held likviditet til drift av prosjekt mellom løpande utbetaling og løyving frå finansieringskjelder. Hardangerrådet iks har ein god eigenkapital i høve aktiviteten, opparbeidd sidan 2002, og overskot/underskot vert ført mot denne.

Også for 2019 har økonomirapporteringa til styret vore tertialvis. Styret har korrigert budsjett og økonomisk aktivitet i tråd med tertialmeldingane frå rekneskapsførar. Hardangerrådet iks hadde i 2019 omsetning på om lag 3,7 mill. kr. inklusive Regionalt Etablerarfond for Hardanger og Kraftlinefondet. Resultatrekneskapen for heile Hardangerrådet vise driftsresultat med overskot på kr 131.406.

Resultatrekneskapen varierar frå år til år og vert regulert via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.19 er på 3.045.984 medrekna bunden eigenkapital på 100.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2019 viser det same overskotet på kr 131.406 avstemt for dei prosjekta som skal først i balanse.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetning er under 50.000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

Hardangerrådet kjem inn under momskompensasjonsordninga, og i 2019 er refusjonen på kr 91.125 i reduserte kostnader.

Framlegg til vedtak 01/20:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Årsmelding for Hardangerrådet iks 2019 vert vedteken slik den ligg føre
- b) Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2019 vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmøtesak 02/20 Rammebudsjett 2020 og Økonomiplan 2020 - 2024. (Årsmøtevedlegg 3.)

Systemet for budsjettering i Hardangerrådet iks er slik at Representantskapet gjer vedtak om eit rammebudsjett og ein 4 årleg økonomiplan på Årsmøtet. Rammebudsjettet er 1. året i Økonomiplanen. Spørsmålet om eit årleg detaljbudsjett er vanleg å delegera til styret som fastset det i eit møte før årsskiftet.

Framlegg til rammebudsjett 2020 er på nivå med 2019. Tilskotet frå kommunane dekkjer ikkje alle driftskostnadane i Hardangerrådet iks. Andre kostnader vert dekkja inn gjennom eigeninntening, hovudsakleg gjennom overhead frå prosjektarbeid. Tilskotet frå kommunane dekkjer om lag 72% av dei totale driftskostnadene i Hardangerrådet iks.

Økonomiplanen gjeld for perioden 2020-2024. I økonomiplanen er det ikkje lagt opp til auke i kontingentnivå.

Med bakgrunn i ny kommunestruktur i Hardanger frå 01.01.2020 er det naudsynt å avklara den vidare plattform for Hardangerrådet både kva gjeld driftsmodell og medlemskommunar før ein kan leggja grunnlag for ein økonomiplan for ny 4-års periode.

Framlegg til vedtak 02/20:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Rammebudsjettet for 2020 - 2022 vert godkjent slik det ligg føre.
- b) Styret får fullmakt til å vedta detaljbudsjett 2020 med justeringar innanfor rammebudsjettet 2020.

Årsmøtesak 03/20 Arbeidsplan 2020 - 2021 (Årsmøtevedlegg 4)

I følgje vedtektene skal Årsmøtet vedta ein arbeidsplan for selskapet. Arbeidsplanen 2020 - 2021 byggjer på den innarbeidde måten å setja opp Arbeidsplanen på. Tema som ikkje lenger treng arbeidast med er teke ut og tema som er aktuelle for åra 2020 - 2024 er tekne inn. Alle tema i arbeidsplanen er relaterte til dei godkjende strategiane som har stått fast sidan Hardangerrådet re-etablerte seg i 2001:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for meg, er godt for deg).
- Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

Framlegg til vedtak 03/20:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2020 - 2021 vert vedteken slik han ligg føre. Årsmøtet delegerar til Representantskapet å godkjenne endringar i Arbeidsplanen dersom dette vert aktuelt.

Årsmøtesak 04/20 Val av rekneskapsfører og revisor for 2021

Årsmøtet skal i følgje Selskapsavtalen velja rekneskapsfører og revisor kvart år. Hardanger Økonomiservice AS er valt til rekneskapsfører og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) er valt til revisor for 2020 for Hardangerrådet iks. Dette fungerer svært godt og styret tilrår attval for 2021.

Framlegg til vedtak 04/20:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2021.
- b) Hardanger Økonomiservice AS vert vald til rekneskapsfører for Hardangerrådet iks 2021.

Årsmøtesak 05/19 Godtgjersle til styret for 2020

Årsmøte 2019 gjorde slikt vedtak i Årsmøtesak 05/19:

Vedtak:

Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2019 vert:
Styreleiar 6.000 kr årleg pluss møtegodtgjersle som styremedlem
Styremedlemmer 2.000 kr pr. møte.

Framlegg til vedtak 05/20:

Styret i Hardangerrådet iks har ikkje tilråding til Årsmøtet.

Årsmøtesak 06/20 Val av styre

I følgje Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og ifølgje Selskapsavtalen skal Årsmøtet velja funksjonane leiar og nestleiar. Det er 2 årige valperiodar og valet er for

2

og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Styret skal innehalda begge kjønn og det skal også varalista ha. I 2012 vart det også bestemt at rådsordførar er valnemnd.

På val i år er styremedlemmene Toralv Mikkelsen og Astrid Dale Vindal samt varamedlemmene som skal veljast kvart år.

Likeeins skal årsmøtet velja styreleiar og nestleiar for 1 år.

Framlegg til vedtak 06/20:

Rådsordførar som valnemnd legg fram tilråding til Årsmøtet.

Andre saker til Årsmøtet 2020 må vera styret i hende innan 5. mars 2020.

Årsmelding 2019



HARDANGERRÅDET IKS



Innhald:

Innleiing - Oppsummering

Organisasjon

- Generelt
- Strategiar
- Styret 2019
- Regionrådet/ Representantskapet 2015-2019
- Regionrådet/ Representantskapet 2019-2020
- Hardingtinget
- Hardanger Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Andre representasjonar 2019
- Administrasjon og personale
- Pensjon og KS-medlemskap
- Rekneskap og revisjon
- Fjordvegen Rute 13

Møte og saker i Hardangerrådet

- Styret
- Representantskapet/Regionrådet
 - Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar
 - Søknader/støtte
 - Andre saker m.a.
 - Uttalar
- Kommunestruktur i Hardanger
- Kraftlinemidlane
- Hardingtinget
- Hardanger Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger
- Samarbeidsrelasjonar

Nærings- og etablerarteneste

- Team Hardanger - Ei dør inn
- Etablerartenesta i Hardanger
- www.hardanger.com
- Regionalt Etablerarfond Hardanger
- Hardangerkonferansen 2019

Økonomi / rekneskap

- Rekneskap 2019 med budsjett.
- Revisormelding 2019

Vidare drift

Diverse.

- Arbeidsmiljø og personale.
- Likestilling.
- Miljø.

Innleiing – oppsummering aktivitet.

Styret i Hardangerrådet iks legg med dette fram Årsmelding og Rekneskap for året 2019, som var eit aktivt og resultatorientert år i Hardangerrådet.

Oppgåvene i Hardangerrådet er varierte og spenner vidt. Grunnlaget for aktivitetane i Hardangerrådet iks er Årsmøtevedteken arbeidsplan
Me held fast ved dei 3 hovudstolpane å jobba etter:

1. Politisk samordning og påverknad.

Samordning kan nemnast: Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss, Nasjonale Turistveger, Stiftinga Høgskule i Hardanger, www.hardanger.com,

2. Kommunalt tenestesarbeid er organisert etter frivillige to- til fleirsidige avtalar mellom kommunane/herada. Fleire alternative interkommunale samarbeidsprosjekt har vore drøfta i rådmannsforum.

3. Næringsutvikling/etablerarteneste er ein kombinasjon av Hardangerrådet sitt næringsengasjement og felles etablerararbeid. Hardangerrådet har også i 2019 hatt medansvar for næringsutviklinga i regionen for dei 7 Hardangerkommunane gjennom Team Hardanger som består av næringsansvarlege i kommunane samt leiarane for næringshagane i regionen. Hardangerrådet iks er aktiv initiativtakar og driftsansvarleg for aktivitetar og utviklingsprosjekt for Hardangerregionen.

Organisasjonen.

Generelt

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap med grunnlag i IKS-lova. Selskapsavtalen inneheld mellom anna:

Føremål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Føresetnader: Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vere eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Målsetjingar: * Utnytta ressursar og styrkja identitet i regionen.

* Gi uttale til, vera pådrivar overfor og følgja opp fylkes- og sentrale styresmakter.

* Arbeida for ny aktivitet i regionen.

* Samordna etableringshjelp og rådgjevingsteneste for næringslivet i regionen.

Organisasjon: Representantskap, Regionråd, Styre og Dagleg leiar er formelle organ medan Hardangerringet og Rådmannsforum er oppretta i selskapsavtalen. Andre samarbeidsfora er Hardanger Ungdomsråd, Team Hardanger, Hardanger Kulturråd.

Strategiar:

Hardangerrådet har framleis 5 strategiar som grunnlag for arbeidet i rådsorgan og administrasjon:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for deg, er godt for meg).
- Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

Med utgangspunkt i målsetjingar og strategiar arbeider Hardangerrådet etter godkjent arbeidsplan. Denne Årsmeldinga er ein samanfatta status for 2019.

Styret 2019:

Styreleiar Toralv Mikkelsen, Eidesmoen 4, 5750 Odda
Nestleiar Astrid Dale Vindal, Øvsthus 12, 5736 Granvin
Styremedlem John Skogseth, Kysnes, 5626 Kysnesstrand

1. varamedlem for 1 år Einar Lutro, 5781 Lofthus
 2. varamedlem for 1 år Astrid Oma Seljestad, Omavegen 125, 5632 Omastrand
- Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter.
Dagleg leiar er sekretær for styret.

Rådsordførar:

- For 2019 fram til 12.12.2019 Hans Petter Thorbjørnsen (Ap), Ulvik
- Frå 12.12.2019 Torgeir Næss (Ap), Kvam

Rådsvaraordførar:

- For 2019 fram til 12.12.2019 Jostein Ljones (Sp)/Torgeir Næss (Ap), Kvam
- Frå 12.12.2019 Roald Aga Haug (Ap), Ullensvang

Regionrådet/Representantskapet 2015 - 2019:

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	<u>Ordførar:</u>	<u>Varaordførar:</u>
Eidfjord kommune:	Anved Johan Tveit (Sp) Anders Vatle (Sp)	Aslak Læg Reid (H)
Granvin herad:	Ingebjørg Winjum (V)	Hans Jakob Mæland (H)
Jondal kommune:	Jon Larsgard (Sp)	Reidun Haugen Dalseth (KrF)
Kvam herad:	Jostein Ljones (Sp)/ Torgeir Næss (Ap)	Heidi Sandven Botnen (KrF)/ Frode Nygård (Frp)
Odda kommune:	Roald Aga Haug (Ap)	Linda Haugland Jondahl (Ap)
Ullensvang herad:	Solfrid Borge (Sp)	Kåre Grønsnes (SV)
Ulvik herad:	Hans Petter Thorbjørnsen (Ap)	Jens Olav Holven (Sp)

Regionrådet/Representantskapet 2020:

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	<u>Ordførar:</u>	<u>Varaordførar:</u>
Eidfjord kommune:	Anders Vatle(Sp)	Aslak Læg Reid (H)
Kvam herad:	Torgeir Næss (Ap)	Frode Nygård (Frp)
Ullensvang kommune:	Roald Aga Haug (Ap)	Kjellaug Hoås Samland (Ap)
Ulvik herad:	Hans Petter Thorbjørnsen (Ap)	Jens Olav Holven (Sp)
Voss kommune:	Hans-Erik Ringkjøb (Ap)	Sigbjørn Hauge (Sp)

Hardingtinget

Hardingtinget er samansett av formannskapa i dei 7 hardangerkommunane, totalt 49 representantar inklusive ordførarane: Eidfjord, Granvin og Ulvik har 5 representantar kvar, Jondal har 7 representantar og Odda, Kvam og Ullensvang har 9 representantar kvar. Det vart i 2019 ikkje gjennomført Hardingting. Det var planlagt at Hardingtinget skulle arrangerast same dag som Hardangerkonferansen starta. Då det synte seg at KS inviterte til 2-dagars møte på dei same dagane som Hardangerkonferansen vart arrangert, førte det til at alle nyvalde ordførarar deltok på KS-møtet og dermed vart det ikkje mogeleg å få arrangert Hardingtinget som planlagt.

Hardanger Ungdomsråd(HU) 2018/2019:

Tiril Eiken	Jondal Ungdomsråd
Bjørk Thorbjørnsen, Leiar HU	Ulvik Ungdomsråd
Emilie Vivelv Tveit	Eidfjord Ungdomsråd
Elin Sneeggen,	Ullensvang ungdomsråd
Vincent Gabriel Kollbotn	Odda Ungdomsråd
Marte Kristoffersen, NestleiarHU	Granvin Ungdomsråd
Lena Tufte	Kvam Ungdomsråd

Hardanger Ungdomsråd(HU) 2019/2020:

Bjørk Thorbjørnsen	Ulvik Ungdomsråd, Leiar
Isak Hjeltnes	Ulvik Ungdomsråd, Nestleiar
Emilie Vivelv Tveit	Eidfjord Ungdomsråd, Leiar
Matilde Hole	Eidfjord Ungdomsråd, Nestleiar
Håvard Botnen, Leiar HU	Kvam Ungdomsråd, Leiar
Amalie Eide Aase	Kvam Ungdomsråd, Nestleiar
Marcelius C. Prestegard, Nestleiar HU	Voss Ungdomsråd, Leiar
Daniel Lund	Voss Ungdomsråd, Nestleiar
Ikkje vald	Ullensvang Ungdomsråd, Leiar
Ikkje vald	Ullensvang Ungdomsråd, Nestleiar

Rådmannsforum 2019:

Geir Underhaug	Rådmann Eidfjord
Trude Hoflandsdal Letnes	Rådmann Granvin
Thore Hopperstad	Rådmann Ulvik, leiar
Reidar Isdal	Rådmann Jondal
Anita Hesthamar	Rådmann Kvam
Ole-Jørgen Jondahl / Magnus Steigedal	Rådmann Odda
Magnus Steigedal	Rådmann Ullensvang

Andre representasjonar i 2019:

- Styret i Visit Hardangerfjord: Rådsordførar Hans Petter Thorbjørnsen med rådsvaraordførar Jostein Ljones som vararepresentant
- Prosjekt "Hardangerkonferansen 2019": Solfrid Borge og Jostein Eitrheim
- Klimaråd for Hordaland: Jon Larsgard og Ingebjørg Winjum
- Kompetanseplan for Hordaland: Jostein Eitrheim
- Regional Planstrategi: Jostein Ljones og Jon Larsgard som varamedlem
- Hardanger Vassregion: Anved Johan Tveit
- Referansegruppe Siderklyngeprosjekt: Jostein Eitrheim
- Styringsgruppe Invest in Bergen: Hans Petter Thorbjørnsen
- Stiftinga Messen kunst og kulturhus: Solfrid Borge
- Høyring vedr. vedlikehald fylkesvegar: Jostein Ljones
- Styringsgruppe Biogass forstudie: Jostein Eitrheim

Administrasjon og personale:

Jostein Eitrheim,	dagleg leiar (100 % stilling)
Trude Lægreid Rinaldo,	konsulent (100 % stilling)
Hanne Sundbø,	seniorkonsulent Fjordvegen Rute 13 (50 % stilling)

Pensjon og KS-medlemskap

Hardangerrådet iks er medlem av KLP – Kommunal Landspensjonskasse
Hardangerrådet iks er medlem av KS Bedrift.

Rekneskap og revisjon

Hardanger Økonomiservice AS var i 2019 rekneskapsfører for Regionrådet og prosjekt, der lønskøyning også inngår i avtalen.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, IHR er valt som revisor for 2019.

Fjordvegen Rute 13

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap der Gerd Helen Bø er styreleiar. Fjordvegen Rute 13 kjøper sekretærtjenester hos Hardangerrådet iks og funksjonen som dagleg leiar og fekk 198.000 kr for det i 2019. Hanne Sundby er tilsett i Hardangerrådet med funksjon som konsulent for Fjordvegen Rute 13 i nye 2 år frå 01.10.2019. Omsetnad i 2019 har vore 896.710 kr. Resultat 2019 for Fjordvegen Rute 13 var eit underskot på kr 36.686. Rekneskap og revisjon går utanfor Hardangerrådet iks.

Møter og saker i Hardangerrådet iks

Styret hadde 4 styremøter i 2019 og handsama 25 saker.

Styret deltok på årsmøte og Hardangerkonferansen 2019.

Saker i styret m.a.:

- Arbeid med budsjett, årsmelding og rekneskap
- Årsmøtesaker etter vedtektene
- Avtala arbeids- og lønsvilkår for dei tilsette
- Forslag til ny selskapsavtale frå 01.01.2020 for Hardangerrådet iks
- Forslag til nytt strategidokument for Hardangerrådet

Representantskapet/Regionrådet hadde 8 møter i 2019 i tillegg til Årsmøtet 14.03.2019

Regionrådet, som er ordførarane i Hardangerkommunane handsama 53 saker i tillegg til eit tal orienterings- og drøftingssaker.

Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar:

- Hardanger sett frå fylkeshovudstaden ved Veronika Halstensen og Helena Flotve, Schibsted
- Nasjonale Turistvegar ved Therese Ruud
- Hardcruise ved Hans Parnefält
- Sosialt Entreprenørskap ved Hilde Dalen og Ingvild Sperrevik
- Folkeuniversitetet ved Reidar Brandsberg og Wenche Fonneland
- TV aksjonen 2019 ved Marte Elisabeth Eggum
- Hardanger og Voss museum ved Randi Bårtvedt
- Indre Hordaland Revisjon ved Johannes Grønsdal og Elin Bye
Nordhordland Revisjon ved Lovisa Midtbø: status samanslåing
- Bu museum ved Randi Bårtvedt
- POSS - Toalettlysingar for Hardanger ved Per Olav Opedal og Arne Johansson
- Kraftskatteutvalgets rapport ved Torfinn Opheim og Terje Breivik

Søknader/støtte:

- Landsfestivalen for gamaldansmusikk 2019 i Kinsarvik, kr 50.000,-(frie midlar Kraftlinefondet)
- Norsk Hydrogensymposium 2019 kr 50.000,-(restmidlar RNH)
- Vidareutvikling av kunstnarhuset Messen, kr 50.000,-(restmidlar RNH)
- Relansering av Trainee Indre Hordaland, kr 50.000,- (restmidlar RNH)

Andre saker m.a.:

- Ny Selskapsavtale og nytt strategidokument for Hardangerrådet etter 2020
- Prioritering av Fylkesmannens Skjønsmidlar
- Samhandling mellom regionråd og rådmannsforum
- www.arealguiden.no
- Statlege arbeidsplassar i distrikta
- Utforming av avtalar mellom regionråda og Vestland fylke
- Besøksforvaltning og Besøksstrategi

Uttalar:

- Uttale til Domstolkommisjonen om ny tingrettstruktur.
- Uttale til Statens vegvesen vedr. forslag om nedlegging av trafikkstasjonar i Hardanger
- Uttale frå Hardangerrådet vedr. flytting av undervisningstilbod "Deltid gartner" frå Hjeltnes til Voss vidaregåande skule.
- Uttale til Samferdselsdepartementet vedr. krav om nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022-2033
- Uttale vedr. Kraftskatteutvalgets rapport NOU 2019:16

Kommunestruktur i Hardanger

2019 har vore prega av at fire av Hardangerkommunane no er inne i slutfasen på ein planperiode for bygging av ny kommune. Granvin herad skal frå 2020 verta del av Voss herad og Jondal, Odda og Ullensvang skal frå 2020 verta Ullensvang kommune. Desse prosessane krev mykje tid og ressursar i kommunane og påverkar situasjonen for deltaking i og fokus på samarbeidsarenaer i Hardangerrådet.

Gjennom 2019 har det vorte fleire ledige stillingar der einskilde kommunar har vald å ikkje lysa etter nye medarbeidarar i påvente av avklaringar rundt oppbygging av ny organisasjon. Dette har medført at fleire av møteplassane som Hardangerrådet administrerer har vorte råka med manglande deltaking frå nokre av kommunane gjennom 2019.

Kraftlinemidlane

Kraftlinefondet har pr 31.12.2019 totalt kr 872.837 som ikkje er utbetalt.

Av beløpet er kr 212.500 disponert og kr 659.812 er udisponert.

Renteinntekter for 2019 kr 10.748 er tillagt fondet.

Hardanger Ungdomsråd (HU)

Hardanger Ungdomsråd (HU) har hatt 6 rådsmøter (der eitt var telefonmøte) og eit arbeidsmøte på telefon i 2019. Leiar i 2019 var Bjørk Thorbjørnsen frå Ulvik ungdomsråd, nestleiar var Marte Kristoffersen, Granvin herad. Rådet har i haust vore påverka av at det kjem nye kommunar, og diverre vart Hardanger Ungdomsting 2019 avlyst, nytt kjem i 2020. Viktige saker i 2019 har vore:

- Psykisk helse for ungdom.
- Uttale til forskrift om ny kommunelov om lovfesta ungdomsråd
- Innlegg på Hardangerkonferansen 2019
- Forslag til nye vedtekter sendt til Hardangerrådet for godkjenning.

Rådmannsforum hadde 1 møte i 2019.

Rådmannsforum handsama 6 saker.

Interkommunalt tenestesarbeid i Hardanger.

Rådmannsforum i Hardangerrådet arbeider med framtidige utfordringar for dei kommunale tenestene i ei tid med aukande krav til kompetanse og tenestekvalitet. Med særleg fokus på interkommunale samarbeidsområde. I interkommunalt frivillig samarbeid kan ein få betre profesjonelle tenester til innbyggjarane og regional attraktivitet. Alle kommunane i Hardanger arbeider interkommunalt i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Fleire av ordningane er i samarbeid med Voss kommune. Oppretta område er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøp, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Vassområde, Miljøfyrtårnordning og Frisklivssentral. I Samhandlingsreforma i Hardanger er det oppretta mellom anna Legevaktordningar og ØH-senger.

Samarbeidsrelasjonar.

Hardangerrådet vedlikeheld sine relasjonar til samarbeidspartar i Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Innovasjon Norge og KS-Hordaland. I tillegg har me kontakt med regionråda i Hordaland og i granneregionar til Hardanger. Dette er for gjensidig informasjon og påverknad og kontakten varierer etter kva saker som skal løysast. Dagleg leiar deltek på dialogmøter mellom Regionråda i Hordaland og Fylkeskommunen. Møta har tema innan informasjonsutveksling og ideutveksling.

Nærings- og etablerarteneste

Team Hardanger. «Ei dør inn»

Næringsutvikling, tiltaksarbeid og etablerarteneste har gjennom åra hatt varierende fokus og organisering i Hardanger. Siste 15 åra har Hardangerrådet hatt ansvaret for dette som eit viktig arbeidsfelt. Det kommunale næringsarbeidet er ulikt organisert i Hardanger. Team Hardanger er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale nærings-ansvarlege og etablerar-retteleiarar, koordinert av Hardangerrådet iks.

Alle kommunar/herad i Hardanger har partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune (samt Innovasjon Norge og Fylkesmannens Landbruksavdeling) om å setja av eigen ressurs hos ein bestemt tilsett til etablerar-retteleing. Dette for å styrkja den kommunale "ei dør inn"-funksjonen. Næringsutvikling i kommunane er også del av arbeidet etablerarteneste og næringsutvikling. Hardangerrådet samlar ikkje inn statistikk over kor mange som kontaktar eller får hjelp av dette lokale apparatet. Team Hardanger er godkjent av Rådmannsform som interkommunalt nettverk i Hardanger.

Hardangerrådet har også i 2019 hatt medansvar for næringsutviklinga i regionen for dei 7 Hardangerkommunane gjennom Team Hardanger.

Etablerartenesta i Hardanger

Etablerarteneste si fyrstelinje er det kommunane som har ansvar for.

Etablerarskulen i Hardanger ligg no under Etablersarsenteret i Bergen. Det er fylkeskommunen som eig denne tenesta ilag med kommunane. For meir informasjon og kursoversikt sjå www.etablerasenteret.no

www.hardanger.com

Hardanger er no på www.hardanger.com, der me har samla Hardanger. Dette er ei felles side. Det skal vera lett å bevega seg vidare inn til alle kommunane, til næringsliv, til kunst og kultur, og sida har link direkte til regional aktivitetsskalendar . Hardangerrådet si heimeside er på denne adressa, og me sender ut nyheiter og oppdateringar av regional karakter som før.

Regionalt Etablerarfond Hardanger

Hordaland fylkeskommune oppretta denne tilskotsordninga i 2015, og i 2019 har Hardangerrådet totalt fått 500.000 til nyetablering i Hardanger. Det regionale etablerarfondet er eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til nyetablerte verksemder. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale retningslinjer og føringar som er lagt i den regionale næringsplanen.

[Her finn du tildelingane:](#)

Hardangerkonferansen 2019

Hardangerkonferansen har vore ein årleg møteplass sidan 2006 med aktuelle framtidsretta tema for Hardanger. Konferansane samla i år 130 deltakarar og vart arrangert på Hotel Ullensvang, Lofthus 13.-14.november, med digitalisering som hovudtema. I reiselivsbolken var opplevingar hovudtema. [Her er presentasjonane](#)

Hardangerkonferansen 2020 skal arrangerast i Eidfjord 11.-12.november 2020, og er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebanken Vest, BKK, Visit Hardangerfjord, Hordaland Bondelag, vertskommunen, Næringsshagen i Odda, Næringsshagen i Hardanger og Hardangerrådet iks.

Økonomi/rekneskap

Resultatrekneskapen for drifta av Hardangerrådet i 2019 viser driftsresultat med overskot på 131.406 kr. Over-/underskot varierer frå år til år og vert regulerte via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.19 er på 3.045.984 kr medrekna bunden eigenkapital på 100.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2019 viser det same overskotet på 131.406 kr, avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse.

Av partnerskapsmidlar 2019 frå HFK på tilsaman kr 230.000, er kr 158.000 er ført mot prosjekt 114 Team Hardanger og ikkje som inntekt i prosjekt 1 Administrasjon.

Konklusjonen er at Hardangerrådet iks i sum har ei sunn økonomistyring.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetning er under 50 000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

Hardangerrådet kjem inn under momskompensasjonsordninga, og i 2018 er refusjonen på kr 91.125.

Vidare drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnader om vidare drift. Til grunn for dette ligg resultatprognose for 2019 og selskapet si strategiske prognose for åra framover. Selskapet har ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Diverse

Arbeidsmiljø og personale.

Sjukefråværet i selskapet er ubetydeleg, og tiltak på dette området er ikkje planlagde. Det er ikkje rapportert om arbeidsuhell eller ulukker i selskapet i 2019. Arbeidsmiljøet er godt og samarbeidet mellom tilsette, styret, regionrådet, rådmannsforum og prosjektleiing er konstruktivt for selskapet.


Likestilling.

Selskapet har tilsett 2 kvinner og 1 mann. I selskapet sitt styre er 1 kvinne og 2 menn. Som Varamedlemmer til styret er 1 mann og 1 kvinne.

Miljø.

Hardangerrådet si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.


Kinsarvik 06.02.2020



Toralv Mikkelsen
Styreleiar



Astrid Dale Vindal
Astrid Dale Vindal
Nestleiar



John Skogseth
Styremedlem



Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Årsregnskap 2019 for Hardangerrådet IKS

Organisasjonsnr. 980045412

Utarbeidet av:

Hardanger Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
Postboks 40
5786 EIDFJORD
Organisasjonsnr. 986173943

Resultatregnskap

	Note	jan-des 19	jan-des 18	Budsjett 31.12	Avvik HiÅ/B
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER					
Driftsinntekter					
Salgsinntekt		16 750	12 755	0	16 750
Tilskudd		3 741 979	3 473 548	3 001 142	740 837
Sum driftsinntekter		3 758 729	3 486 303	3 001 142	757 587
Driftskostnader					
Underleverandører		90 868	88 875	0	90 868
Lønnskostnad	1	2 124 611	2 033 194	2 266 000	(141 389)
Avskrivning på varige driftsmidler	2	8 108	66 516	0	8 108
Nedskrivning på varige driftsmidler	2	0	69 254	0	0
Annen driftskostnad		1 424 228	1 413 287	962 000	462 228
Sum driftskostnader		3 647 816	3 671 126	3 228 000	419 816
DRIFTSRESULTAT		110 913	(184 823)	(226 858)	337 771
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter					
Annen renteinntekt		20 470	17 445	0	20 470
Annen finansinntekt		23	0	0	23
Sum finansinntekter		20 493	17 445	0	20 493
Finanskostnader					
Annen rentekostnad		0	12	0	0
Sum finanskostnader		0	12	0	0
NETTO FINANSPOSTER		20 493	17 433	0	20 493
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		131 406	(167 390)	(226 858)	358 264
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0	0	0
ORDINÆRT RESULTAT		131 406	(167 390)	(226 858)	358 264
EKSTRAORDINÆRE POSTER					
Ekstraordinær inntekt		0	310 000	0	0
RESULTAT AV EKSTRAORDINÆRE POSTER		0	310 000	0	0
ÅRSRESULTAT		131 406	142 610	(226 858)	358 264
OVERF. OG DISPONERINGER					
Overføringer annen egenkapital		131 406	142 610	0	131 406
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		131 406	142 610	0	131 406


Balanse pr. 31.12.2019


	Note	31.12.2019	31.12.2018
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	2	39 045	47 154
Sum varige driftsmidler		39 045	47 154
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	9	200 230	175 644
Sum finansielle anleggsmidler		200 230	175 644
SUM ANLEGGSMIDLER		239 275	222 798
OMLØPSMIDLER			
Varer		49 460	58 978
Fordringer			
Kundefordringer		3 365 643	3 948 721
Andre fordringer		253 963	258 667
Sum fordringer		3 619 606	4 207 388
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	4 903 690	5 523 335
SUM OMLØPSMIDLER		8 572 756	9 789 701
SUM EIENDELER		8 812 031	10 012 498

Balanse pr. 31.12.2019

	Note	31.12.2019	31.12.2018
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital	3,8	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	8	2 945 984	2 814 578
Sum opptjent egenkapital		2 945 984	2 814 578
SUM EGENKAPITAL		3 045 984	2 914 578
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Næringsfondet	5	817 679	1 067 432
Kraftlinjefondet	6	872 312	1 919 064
Andre fond		347 277	506 965
Sum avsetning for forpliktelser		2 037 268	3 493 461
SUM LANGSIKTIG GJELD		2 037 268	3 493 461
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		94 226	75 999
Skyldig offentlige avgifter		134 460	159 752
Annen kortsiktig gjeld	7	3 500 093	3 368 708
SUM KORTSIKTIG GJELD		3 728 779	3 604 459
SUM GJELD		5 766 048	7 097 920
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		8 812 031	10 012 498

Kinsarvik 06.02.2020


Toralv Mikkelsen
Styreleiar


John Gunnvald Skogseth
Styremedlem


Astrid Dale Vindal
Nestleiar


Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Noter 2019

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kapittel 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kapittel 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv).

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Presiseringer mht regnskapsprinsipper:

Anleggsmidler

Lineære avskrivninger over driftsmidlenes forventede økonomiske levetid er lagt til grunn ved beregning av avskrivningsbeløp.

Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

Pensjonsforpliktelser

Selskapet har pensjonsavtale gjennom en forsikringsavtale. Pensjonsforpliktelser og pensjonsmidlene er ikke oppført i regnskapet. Årets betalte premie er bokført i resultatregnskapet.

Skatt

Hardangerrådet IKS har ikke erverv til formål og driver ikke økonomisk virksomhet. Hardangerrådet IKS er derfor fritatt for skatteplikt og det er ikke beregnet skattekostnad i årsregnskapet.

Noter 2019

Note 1 - Lønnskostnad

Selskapet har hatt 2 årsverk i regnskapsåret.

	I år	I fjor
Lønn	1 961 499	1 883 587
Arbeidsgiveravgift	251 120	245 311
Pensjonskostnader	402 174	368 762
Andre lønnsrelaterte ytelser	-490 181	-464 465
Totalt	2 124 611	2 033 194

Lønn og andre godtgjørelser

Daglig leder	1 005 671
Styremedlemmer	18 000
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar	25 000
Annen godtgjørelse til revisor	0

Honorar til revisor består av:

Revisjon	25 000
Attestasjonsoppgaver	0
Skatterådgivning	0
Andre tjenester	0
Samlet honorar til revisor	25 000

Pensjon

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon og har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven. Pensjonsordningen omfatter 14 personer. Selskapet har ikke balanseført pensjonsforpliktelsen ihht NRS nr 8.

Noter 2019

Note 2 - Avskrivning på varige driftsmidler

	Avskrivningstablå		Sum
	Konsesjoner, patenter, lisenser o.l.	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	
Anskaffelseskost pr. 1/1	336 538	146 152	482 690
Anskaffelseskost pr. 31/12	336 538	146 152	482 690
Akk. av/nedskr. pr 1/1	336 538	98 999	435 537
+ Ordinære avskrivninger	0	8 108	8 108
Akk. av/nedskr. pr. 31/12	336 538	107 107	443 646
Balanseført verdi pr 31/12	0	39 045	39 045
Prosentstatts for ord. avskr.	20-20	10-33	

Note 3 - Annen innskutt egenkapital

Hardangerrådet IKS er et interkommunalt selskap med delt ansvar. Den enkelte deltaker hefter for selskapets samlede forpliktelser med sin ansvarsandel. Deltakerenes innskudd er i tråd med selskapsavtalen. Deltakerene plikter ikke å skyte inn ytterligere egenkapital.

Deltaker	Annen innskutt egenkapital	Ansvarsandel
Eidfjord Kommune	10 000	10%
Granvin Herad	8 000	8%
Jondal Kommune	8 000	8%
Kvam Herad	26 000	26%
Odda Kommune	26 000	26%
Ullensvang Herad	14 000	14%
Ulvik Herad	8 000	8%
Sum	100 000	100%

Noter 2019**Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.**

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 75 977 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 91 619.

Note 5 - Næringsfondet

Hardangerrådet IKS har restmidler fra fylket og utbetaler midlene etter vedtak i Næringsfondet.

Hardangerrådet IKS har pr 31.12.2019 kr 817 679 i midler som ikke er utbetalt. Av beløpet er kr 275 000 disponert og kr 542 679 udisponert.

Renteinntekter for 2019 kr 7 668 er tillagt fondet.

Note 6 - Avbøtende tiltak kraftliner

Hardangerrådet IKS fekk tildelt kr 18 106 837 til avbøtende tiltak i samband med kraftlinesaka. Det er laga egne retningslinjer for bruken av desse midlane.

Kraftlinefondet har pr 31.12.2019 totalt kr 872 312 som ikkje er utbetalt. Av beløpet er kr 212 500 disponert og kr 659 812 udisponert.

Renteinntekter for 2019 kr 10 748 er tillagt fondet.

Note 7 - Annen kortsiktig gjeld

2940	SKYLDIG FERIEPENGER	224 939	218 532
2952	MOTTATTE IKKJE BRUKTE TILSKOT	645 607	508 904
2953	PERIODISERING KONTINGENT	2 612 142	2 612 142
2960	PÅLØPTE KOSTNADER	17 405	9 705
2998	INTERRIMSKONTO		19 426
	SUM ANNEN KORTSIKTIG GJELD	3 500 093	3 368 708

Noter 2019**Note 8 - Egenkapital - endring**

	Aksjekapital / selskapskapital	Overkurs	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr 1.1.	0	0	2 914 578	2 914 578
+Fra årets resultat			131 406	131 406
Pr 31.12.	0	0	3 045 984	3 045 984

Note 9 - Egenkapitalinnskudd KLP

Innbetalt egenkapitalinnskudd i KLP i 2019 er kr 24 586. Totalt innbetalt pr 31.12.19 er kr 200 230.

RAMMEBUDSJETT 2020 og ØKONOMIPLAN FOR HARDANGERRÅDET 2021-2022

Prosjekt 1 Administrasjon

Tekst	Innt. 2020	Utg. 2020	Innt. 2021	Utg. 2021	Innt. 2022	Utg. 2022
Driftsinntekter						
Kommunale tilskot	2 612 142		2 612 142		2 612 142	
Diverse inntekter			-		-	
Prosjektinntekter	250 000		256 250		262 656	
Prosjekt IS Fjordvegen Rute 13	203 940		209 039		214 264	
Refusjon lønn Fjordvegen			-		-	
Overført frå fond						
Renteinntekter			-		-	
Sum løn		2 190 381		2 245 141		2 301 269
Sum eige drift		989 000		1 002 000		1 002 000
Sum	<u>3 066 082</u>	<u>3 179 381</u>	<u>3 077 431</u>	<u>3 247 141</u>	<u>3 089 063</u>	<u>3 303 269</u>



Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2020/2021



Hardanger

Framlegg til årsmøtet 2020

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meiner	Stå fram som samla region.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og rådsordførar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Informasjon
Heimeside på Internett	Ajourhald av heimeside www.hardanger.com	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som styrkjer regionen.	Heile tida	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Frå 2005	Dagleg leiar og konsulent. Merkevare-ambassadør Helge Møller	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablere møteplassar mellom regionråda	Vedtak og økonomiske ordningar som styrkjer regionen	Ved høve	Rådsordførar og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Samarbeid og Koordinering

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2020/2021

Kommunestruktur i Hardanger Samarbeidsprosjekt	Skapa positive regionsseffekter av nye rutinar i samband med kommunestrukturprosessen	Kompetanseheving i heile regionen som resultat	2013- 2019	Ordførarane og rådmennene	Samarbeid og koordinering
Etablerarteneste i regionen Team Hardanger	Driva næringsstilrettelegging og etablerartenester i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane	Skapa fleire arbeidsplassar i regionen	Også i 2018	Dagleg leiar og Team Hardanger	Samarbeid, Koordinering og Næringsutvikling
Fagnettverk mellom kommunane som	Halda kontakt med etablerte og initiere nye nettverk mellom fagtilsett i kommunane. Koordinerast av Rådmannsforum	Meiningsfulle faglege forum der tilsette får heva eigen kompetanse og samordna oppgåver.	Heile tida i samsvar med behov	Rådmannsforum Dagleg leiar Nettverka skal driva seg sjølve.	Samarbeid og Koordinering
Kraftsaker i regionen	At kraftressursane frå Hardanger får eige kraftfond frå HFK . Planlegging av nytt framstøyt mot HFK.	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	2018	Ordførarane og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Hardangerkonferansen	Arrangera Hardangerkonferans i saman med Næringslivet og Ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	2018	Dagleg leiar og Konsulent	Samarbeid og Koordinering
Etablerarfond for Hardanger	Vidareføra administrasjon og sakshandsaming av EFH	EFH som starthjelp for nyetablerarar	2018	Dagleg leiar og Konsulent	Næringsutvikling
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og egne prosjekt	Ha regional internasjonal samhandling som utviklingsarbeid.	Også i 2018	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitetsbygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger, Auka rekruttering og produksjonsvolum for frukt og lokalmatproduksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ein merkevare som styrkar næringslivet i regionen.	2016 – 2019	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring